



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Driftsstyret
Møtestad: Austefjorden, Rådhuset
Dato: 24.11.2015
Tid: 14:30

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret og på folkebiblioteket til møtet vert halde.



VOLDA KOMMUNE

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 35/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 36/15	Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019. Handsaming i driftstyret

PS 35/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 36/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Henrik Skovly	Arkivsak nr.:	2015/1559
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
37/15	Driftstyret	24.11.2015

ÅRSBUDSJETT 2016 OG ØKONOMIPLAN 2016-2019. HANDSAMING I DRIFTSTYRET 24.11.2015

Administrasjonen si tilråding:

Lagt fram utan tilråding

Handsaming i driftstyret 18.11.2015:

Gildskap:

Per Svein Krøvel spurte om gildskap då det i budsjettet er tiltak som berører eit familiemedlem. Krøvel gjekk frå under handsaming og røysting om gildskap. Krøvel vart samrøystes kjend gild og tok sete att.

Mathilde Eiksund spurte om gildskap då det kom opp framlegg om tilskot til ballettskulen sine vår og haustframsyningar. Grunn at mor hennar sit i styret for ballettskulen. Mathilde Eiksund deltok ikkje i røysting og handsaming av gildskapen. Mathilde Eiksund vart kjend ugild.

Økonomisjef Henrik Skovly orienterte om budsjettet.

Framlegg frå AP v/Hild Våge:

1. Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arb.miljøundersøkinga.

2. Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommuna.

Framlegg frå KRF Kjell Petter Wiik:

Driftstyret ber kommunestyret løyve kr.20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette.

Framlegg frå KRF Kjell Petter Wiik:

Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling.

Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørende tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming

Røysting:

Framlegga frå AP v/Hild Våge vart samrøystes vedtekne.

Det var prøverøysting på KRF v/Kjell Petter Wiik sitt framlegg om løyving til ballettskulen. Prøverøysting viste seks røyster for og ei mot. Endeleg røysting på framlegget vart samrøystes.

KRF v/Kjell Petter Wiik sitt framlegg til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016 vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 18.11.2015. Innspel til årsbudsjett 2016

Driftstyret er uroa for arbeidsmiljøet i pleie og omsorg og er nøgd med at det er sett i gong ei arbeidsmiljøundersøking. Driftstyret vil oppmode om at det vert sett av ressursar til å gjennomføre tiltak for å løyse evt. problem som kjem fram av arbeidsmiljøundersøkinga.

Driftstyret oppmodar Volda kommune om å opprette fleire lærlingplassar. Dette er viktig i høve rekruttering av fagarbeidarar til alle tenesteområda i kommuna.

Driftstyret ber kommunestyret løyve kr.20.000, til Ørsta-Volda ballettskule sine framsyningar våren og hausten 2016. driftstyret ber formannskapet finne løyvingar til dette. Viser til punkt 2.10 i årsbudsjettet 2016, næringsutvikling. Driftstyret ber administrasjonen fremme ei sak vedrørende tildeling av midlar frå kraftfond og næringsfond i løpet av 2016, i god tid før budsjetthandsaming.

Samandrag av saka:

Driftstyret handsama årsbudsjett 2016 i møte 18.11.2015. Der vart det også vedteke å halde eit ekstra møte den 24.11.2015 for å sjå meir på budsjettet.

Saksopplysningar:

Framlegg til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019 er lagt ut på lesebretta tidlegare.

Henrik Skovly
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak: